



Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/3068 - 19/35190

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
28.11.2019

## Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 126/3 Hope

Tiltak: frådelling  
Byggjestad: Gbnr: 126/3  
Tiltakshavar: Mongstad Vekst AS  
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om frådelling av eksisterande tun som eigen eigedom frå gbnr. 126/3 Hope den 08.11.2019. Arealet som er søkt frådelt er opplyst å ha ein storleik på ca. 2985m<sup>2</sup>. Det er i søknad opplyst at eigedom gbnr 126/3 vert overdratt til naboeigedom i drift - gbnr 126/4. Det ligg føre avtale om kjøp av restareal frå gbnr 126/3 til eigarane av gbnr 126/4, sist datert 12.04.19. Restareala på gbnr 126/3 vil etter planlagd frådelling ha ein storleik på ca. 379576,9m<sup>2</sup>.

I sakframlegg til PMU på side 2 under saksopplysningar politisk handsaming skal følgjande vere dokumentert ved søknad om frådelling:

*Før det kan gjevast løyve til deling etter plan- og bygningslova må det ligga føre løyve til deling etter jordlova og det må leggst ved fullmakt frå heimelshavar til søkjar samt firmaattest som ikkje er eldre enn 3 månader.*

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er opplyst at Arkoconsult søkjer på vegne av heimelshavar om tiltaket. Det må dokumenterast fullmakt frå heimelshavar til søkjar.
2. I følgje Brønnøysundregistrene er signatur gjeve til styrets leder og eit styremedlem i fellesskap. Kun styrets leder har signert. Signert søknad /fullmakt frå eit styremedlem må dokumenterast.
3. Firmaattest som ikkje er eldre enn 3 månadar må dokumenterast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 16.12.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.



Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Arkoconsult AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSEN
Mongstad Vekst AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ

### **Mottakarar:**

Arkoconsult AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSEN
Mongstad Vekst AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ